



Høgskulen  
på Vestlandet

15/23-B SAMANSLÅING AV FAKULTET  
FOR INGENIØR- OG NATURVITSKAP  
(FIN) OG FAKULTET FOR ØKONOMI  
OG SAMFUNNSVITSKAP (FØS)

Styremøte 27.4.2023

---

Organisasjonsdirektør Tage Båtsvik

Forslag til samansleige fakultet FIN - FØS

PROSJEKTRAPPORT FRÅ PARTSSAMANSETT GRUPPE

3.APRIL 2023

# Rektor si innstilling, forhandla med organisasjonane:

---

1. Det blir frå 1.1.2024 etablert eit nytt fakultet ved at dagens Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN) og Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS) vert slått saman til ei eining.
2. Stillinga som dekan for det nye fakultetet vert lyst ut i etterkant av styremøte 27.4.
3. Prosjektgruppa sitt forslag til instituttstruktur vert sendt på høyring i organisasjonen, og rektor legg fram vedtakssak om instituttstruktur i det nye fakultetet i førstekomande styremøte.
4. Fakultetsadministrasjonen i det nye fakultetet vert leia av ein administrasjonssjef (nivå 3) og ein nestleiar (nivå 4).

# Bakgrunn




- › Styresak O 7/23 skisserte fire prioriterte omstillingstiltak i 2023. Ei vurdering av integrasjon av FIN og FØS var eitt av tiltaka.
- › Ei partssamansett prosjektgruppe leverte sin rapport og tilråding om det vidare arbeidet til rektor 24. februar 2023:

***Samla sett meiner prosjektgruppa at fordelane er større enn ulempene ved å etablere eitt nytt fakultet, tufta på likeverd mellom heile FIN og heile FØS - inklusiv fakultetsadministrasjonane. Prosjektgruppa si vurdering er at dette vil gje grunnlag for styrka fagleg og økonomisk berekraft.***

- › Høgskulestyret vedtok i møte 8. mars 2023 å gå vidare i arbeidet med å førebu eit avgjerslegrunnlag for etablering av eit integrert fakultet fram mot styremøtet 27. april 2023.

# Mandat prosjektgruppa fase 2



- › Den partssamansette prosjektgruppa blei vidareført og forsterka med administrasjonssjefar, hovudtillitsvald og studentrepresentantar
- › Rektor ga gruppa mandat om å skildre forslag til:
  - a) Fagleg organisering og leiarstruktur på nivå 3 i eit nytt fakultet.
  - b) Leiarstruktur og overordna organisering i fakultetsadministrasjonen.
  - c) Overordna risikoforhold og tiltak med omsyn til drift, arbeidsmiljø og iverksettingstid.
- › Særskilte føringar frå styrehandsaminga 8. mars, arbeidet skal ta i vare:
  - › faglege ambisjonar og tilsette sitt behov for å høyre til
  - › at ny organisering av fakultetsadministrasjon vert basert på eksisterande ressursar

# Arbeidet i prosjektgruppa

- › Prosjektarbeidet er gjort innafor stramme tidslinjer, med oppstart 16. mars og med rapportleveranse 3. april.
- › Fysiske dagsmøte:
  - torsdag 16. mars
  - torsdag 23. mars
  - tysdag 28. mars
- samt fleire digitale møte



# Konsulterande medverknad


- › Prosjektgruppa har henta innspel til arbeidet undervegs gjennom drøftingar i leiargruppene i fakulteta og frå allmøte med dei tilsette i kvart av fakulteta
- › På FIN har det vore drøftingar i ID-møtet og i fakultetsrådet - og det har vore gjennomført innspelsmøte i alle institutt, senter og i administrasjonen. I tillegg har det i etterkant av desse møta vore sendt inn skriftlege innspel frå alle institutt og senter til og via fakulteta sine representantar
- › I FØS har det vore allmøte, drøftingar i ekstraordinære ID-møte og leiarmøte. Det har og blitt løfta fram innspel til diskusjon i institutta, og tilsette har sendt inn innspel linjeveg. Det har og komme skriftlege innspel direkte til prosjektgruppa

# Kriterium for handsaming av modellar for fagleg organisering


---

Prosjektgruppa har vurdert ulike modellar opp mot fem vurderingspunkt:

- › Fagleg identitet og synergi
- › Arbeidsmiljøomsyn
- › Arbeidsdeling, organisasjon og leiing (rolleansvar nivå 3)
- › På tvers av campus
- › Berekraftig over tid



# Forslag til fagleg organisering



## Samla tilråding frå prosjektgruppa

Etablering av eit fakultet med fem institutt, kor tre av dei er samansette av to eller fleire einingar frå eksisterande institutt

Utviklingsarbeid i del 2

- Senterstruktur
- Råd og utval



# Leiging

---

- › Prosjektgruppa tilrår at det nye fakultetet har ein leiarstruktur med ein dekan og tre prodekanar for:
  - i) forskning,
  - ii) utdanning, og
  - iii) innovasjon og regional utvikling
- › Prosjektgruppa tilrår ein modell for leiging av fakultetsadministrasjonen med ein administrasjonssjef og ein nestleiar.



# Prosjektgruppa si utdjuping av moglegheiter og utfordringar

---

## Moglegheiter

- › Attraktivitet for studentar
- › Nye forskingssamarbeid
- › Auka kraft for innovasjon og regional utvikling
- › Livslang læring
- › Robust administrasjon og institutt

## Utfordringar

- › Felles identitet
- › Arbeidsmiljø
- › Medverknad
- › Eigarskap
- › Auka avstand mellom leiarar og tilsette

# Prosjektgruppa sine innspel til arbeidet vidare

---

- › Prosjektgruppa meiner det er viktig at overordna struktur kjem på plass, og at fagmiljø og administrasjon får rimeleg tid til neste førebuingfase. Det er viktig å ikkje utsette organisasjonen for ein langvarig avklaringsprosess, og kort gjennomføringsfase
- › Viktig og naudsynt at forminga av dei nye institutta og den nye heilskapen skjer med brei arbeidstakarmedverknad også i det kommande førebuing- og iverksettingsarbeidet
- › Prosjektgruppa understrekar at ein i framhaldet må halde fast ved at det er likeverdige partar som vert slegne saman – Fakultet for Ingeniør og naturvitskap og Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap
- › Prosjektgruppa peiker på tre strategiske utviklingsprosjekt :
  1. Handelshøgskule for Vestlandet
  2. Posisjonere HVL i den nasjonale havvindsatsing på Vestlandet (IMM, IMS, SJØ)
  3. Styrka utdanningstilbod innan klimatilpassing (IMN og IB)

# Rektor sine vurderingar

---

- › Den partssamansette prosjektgruppa har gjennomført eit grundig og innsiktsfullt utgreiingsarbeid, og har levert eit godt grunnlag for ei avgjerslesak til styret.
- › Arbeidstakarmedverknad ivareteke gjennom samansettinga av prosjektgruppa
  - › Hovudtillitsvalde, fakultetstillitsvalde og verneteneste på fakulteta.
- › I tillegg konsulterande medverknadsprosessar i dei to fakulteta
  - › Allmøte med dei tilsette i kvart av fakulteta, informasjon- og drøftingsmøte i fakulteta, og løpande drøftingar i leiargruppene i fakulteta.
- › Prosjektgruppa har vore samla og einstemmig i sine konklusjonar og tilrådingar:
  - › Fase 1: Eit nytt fakultet FIN/FØS gjev grunnlag for styrka fagleg og økonomisk berekraft.
  - › Fase 2: Eit nytt fakultet vert etablert med fem institutt, og ein leiarstruktur med dekan, tre prodekanar, samt administrasjonssjef og nestleiar.

# Rektor sine vurderingar

---

- › Eit nytt samanslege fakultet gir grunnlag og moglegheiter for styrking av utdanning, forskning og nyskaping.
- › Organisatorisk tilrettelegging for fagleg samvirke og styrking av rammer for tverrfagleg samarbeid fremjar dette.
- › Forslaget om ein administrasjonssjef og ein nestleiar i den nye fakultetsadministrasjonen tek i vare behovet for leiarkapasitet.
- › Rektor innstiller på å etablere eit nytt samanslått fakultet av FIN og FØS frå 1.1.2024, og meiner at ei slik samanslåing samla legg til rette for styrking av både den faglege og økonomiske berekrafta for fagmiljø og administrasjon
- › Rektor ønskjer å ivareta behovet for at involverte partar får høve til å gje innspel til prosjektgruppa sitt endelege forslag til instituttstruktur i det nye fakultetet.
- › Prosjektgruppa sitt forslag til instituttstruktur vil difor bli sendt på høyring, og rektor vil legge fram sak om vedtak av instituttstruktur i det nye fakultetet i førstkomande styremøte.

# Vidare arbeid

---

- › Ved eit styrevedtak om å slå saman dei to fakulteta vil arbeidet med å etablere eit nytt fakultet halde fram utetter våren og hausten 2023, slik at eit nytt fakultet er etablert frå 1.1.2024.
- › Alle vitenskaplege og administrative stillingar i dei to fakulteta blir vidareført som i dag og dei tilsette føl stillinga si inn i det nye fakultetet (jf. statstilsettelova § 16).
- › Stillinga som dekan for det nye fakultetet vil bli lyst ut eksternt så raskt som råd er, med plan om tilsetting i styremøte den 15.6.2023.
- › Det er viktig og naudsynt at det kommande førebuing- og iverksettingsarbeidet skjer med brei arbeidstakarmedverknad og involvering av dei tilsette i det nye fakultetet.
- › I samarbeid med dei tillitsvalde vil det bli utarbeida ein plan for medverknad frå dei tilsette i det nye fakultet for det kommande arbeidet.



Høgskulen  
på Vestlandet

Utdjuping: Høyring, risikotilhøve, og  
det vidare arbeidet

—



# Om høyringa -

---

- › Utkast til rammer, tidslinje og organisering av høyringa er sendt hovudtillitsvalde for innspel
- › Høyringsinstans vert beden om å gi innspel på **prosjektgruppa sitt forslag til instituttstruktur**, det vil sei forslaget om å fem institutt ved det nye samanslegne fakultetet:
  - **IDER** - Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag
  - **ISKB** - Institutt for sikkerheit, kjemi- og bioingeniørfag
  - **IB/IMN** - Institutt for byggfag/Institutt for miljø- og naturvitskap
  - **IMM/IMS** - Institutt for maskin- og marinfag/Institutt for maritime studium
  - **IØA/ISV** - Institutt for økonomi og administrasjon/ Institutt for samfunnsvitskap
- › Høyringa omfattar **ikkje**:
  - At det vert eit nytt fakultet
  - At fakultetet vert leia av ein dekan
  - At fakultetet får ein administrasjonssjef og ein nestleiar




# Organisering av høyringa



1. Høyringsperiode frå 28.april til 19. mai
2. Skriftlege innspel på format fastsett i høyringa
3. Organisasjonsdirektør høyrer på vegne av rektor
4. Høyringspartar
  - a. Eksisterande institutt ved FIN og FØS
  - b. Fakultetsadministrasjonane
  - c. Tillitsvalde og vernetenesta ved fakulteta
  - d. Hovudtillitsvalde og hovudverneombod
  - e. Studenttinget
5. Arenaer for diskusjonar av forslaget
  - Dei relevante høyringspartane må kvar for seg etablere arenaer for diskusjon av forslaget og si tilbakemelding.

# Tidslinje etter høyring



# Risikovurderingar

---

- › **Drift**
  - › Arbeidet vil krevje ressursar frå både vitskapleg og administrativt tilsette, men forslaget representerer ikkje vesentleg risiko for igangverande aktivitet i førebuingssfasen.
- › **Arbeidsmiljø**
  - › Kan gje større breidde med nye relasjonar og rom for personleg og fagleg utvikling, samstundes som bygginga av felles identitet og institusjonell kraft må ha merksemd.
- › **Iverksettingstid**
  - › Utarbeidinga av forslaget har skjedd på kort tid, medan utviklinga av det nye fakultetet må skje med brei involvering.



# Vidare arbeid etter eit eventuelt styrevedtak om samanslåing

---

- Tilsette i leiarstillingar; dekan, instituttleiarar, prodekanar, administrasjonssjef og nesteleiar administrasjon.
- Avklare behov for og vedta leiarstruktur på nivå 4 i institutta
- Avklare behovet for samordning og justeringar av organisering av forskingsverksemda i det nye fakultetet.
- Samordne og avklare tilhøve rundt økonomisk styring og budsjett.
- Samordne og harmonisere faglege og administrative prosessar.
- Utarbeide råd- og utvalsstruktur i det nye fakultetet.
- Namnsette fakultet og institutt
- Formelt innplassere tilsette i det nye fakultetet

# Omstillingsavtale og omstillingshandbok

---

- › Omstillingsavtale er ei avtale om medbestemming ved omstilling. Denne vil dekke alle dei pågåande omstillingsprosessane, ref. styresak 7/23. Første utkast har vore drøfta med tillitsvalte.
- › Som del av omstillingsavtalen vil vi lage ei *omstillingshandbok*, for omstillingsarbeid i HVL.
  - › Formål: klargjere viktige omgrep i ein omstilling, bidra til å skape gode prosessar og leggje forholda til rette for god ivaretaking av alle tilsette.
- › Arbeidet med omstillingshandbok pågår, og vil blant anna omhandle:
  - › Vurdering av krav om stilling (rettskrav), bemanningsplan, kartleggingsamtaler, innplassering
- › For FIN/FØS samanslåing vil stillingar, med unntak av leiarstillingar, bli vidareført som i dag og dei tilsette føl stillinga si inn i det nye fakultetet (jf. statstilsettelova § 16).
- › Leiarstillingar vil bli vurdert iht. punkt i omstillingshandboka.